



Green living Austmarka  
Nordåsdalen 25  
5235 RÅDAL

Dykkar ref.

Vår ref.

12/1983-6/ 13/5398/L81/JLA

Dato:

Manger: 23.05.2013

## VEDK. AUSTMARKA ØVRE - VEDERLAG FOR OPPARBEIDING AV VEGLØYSING

Visar til avtale av 28.05.10 om kjøp av Austmarka øvre, brev frå Radøy kommune av 25.01.13 om å gjere gjeldande tilbakekjøpsrett og møter om saka.

Radøy kommune krev fortsatt tilbakekjøp av Austmarka øvre. Vi vart einige om på møte 15.15.13 at Radøy kommune skal få tilbakemelding frå Green living seinast 30.05.13 og ein skisse til løysing innan 20.06.13. Radøy kommune vil deretter vurdere om krav om tilbakekjøp skal trekkast tilbake.

I sist møte tok vi også opp krav på vederlag til trafikkløysing. I kjøpsavtalen punkt 4 står følgjande:

*Radøy kommune betalar eit vederlag til seljar på kr. 4.000000,- for opparbeiding av trafikkløysinga med undergang /fortau/utbetring av kryss i samsvar med gjeldande reguleringsplan og krav frå Statens vegvesen.*

Radøy kommune er av den klare oppfatning at krav på vederlag til opparbeiding av trafikkløysing ikkje lenger står ved lag. Dette grunna i at forutsetningar for avtalen ikkje er overhalde. Visar i den samanheng til punkt 2 i avtalen: *Området skal vere ferdig tilrettelagt og klar for utbygging av 10-15 bueiningar innan 1. juli 2012.*

Evt. løysing som skal leggst fram seinast 20.06.13 kan etter dette ikkje berekne inn nemnte vederlag som ei forplikting for Radøy kommune.

Med helsing

Jarle Landås  
rådmann

